

Velkommen til Sunnfjord Museum

Arrangement og utleige i historiske omgjevnader

HALBRENDSHUSET, HUUS-STOVA, SERSJANTLØA, ELDHUSET



Velkommen til Sunnfjord Museum – anten du er på jakt etter kunnskap, ynskjer å leige lokale til møte og fest eller berre treng ei avslappa stund i det vakre uteområdet vårt.

Sunnfjord Museum har innreidd fire av dei antikvariske husa slik at dei kan nyttast til utleige for møte, konfirmasjonar, åremålsdagar, firmafestar, bryllaup etc. Utleiga er basert på at leigetakarar ordnar med mat sjølve, men dersom det er ynskje om det, kan museet ordne med det. Dersom du ynskjer ei tilskiping med spesiell atmosfære bør du ta kontakt.

Sunnfjord Museum ligg i Movika like aust for Førde sentrum. På museet finn du ei friluftsavdeling, der hovuddelen syner korleis livet var på ein gard og ein husmannsplass i Sunnfjord kring midten av 1800-talet. Dei 30 bygningane kjem alle frå bygdene i indre Sunnfjord, og syner eit tidsspenn i byggeskikk frå 1500 til kring 1900.

SERSJANTLØA

Sersjantløa kjem frå garden Indrebø i Angedalen i Førde og fekk namnet sitt fordi Bertel Anderson Indrebø, som eigde garden mellom 1872 og 1910, hadde gått underoffiserskulen og var sersjant. Kor gammalt huset er, er meir uvisst. Inni kan ein tydeleg sjå at det er eit eldre hus som er påbygd i lengderetninga. Den eldste delen er bygd av furu, medan den yngste er av lauvtre. I samband med påbygginga som truleg fann stad ei eller anna gang mellom 1850 og 1880, vart det også bygd fjøs og gjødselkjellar under løa. Det kan ha vore den nemnde sersjanten som bygde løa, men det kan og ha vore den tidlegare eigaren Rognald Anderson Indrebø. Då løa vart flytta til museet i 1993 valde vi berre å flytte løa, medan fjøsen og gjødselkjellaren sto att. Slik løa står i dag inngår ho i eit tun frå kring 1850, og då var det ikkje vanleg med slike kombinerte driftsbygningar.



Adresse: Movika, 6819 Førde
Bankgiro: 3705 16 96647


Telefon: +47 57 72 12 20
Org.nr.: 994 179 136 MVA

E-post: sum@misf.museum.no
Nett: www.sunnfjord.museum.no

HALBRENDSHUSET

Dette bustadhuset kjem frå bruk nr.7 på Halbrend i Førde og vart sett opp på Sunnfjord Museum midt på 1990-talet. Siste eigar var Leif Halbrend. Han fekk så vidt oppleve at huset kom opp før han døydde i 1997. Han hadde eit ynskje om at huset skulle stå i Movika og vere til glede og nytte for alle.

Huset er eit typisk midtgangshus frå andre halvdel av 1800-talet med dør inn midt på langsida til ein gang og kammers/kjøkken og stover på kvar side. I dette høvet vart eine stova opphavelag nytta som kjøkken. Det er usikkert kor gammalt huset er, men det er med på eit av dei eldste bileta vi kjenner frå Førde frå tidleg på 1860-talet. Truleg var det nybygt på denne tida. I samband med oppattsettinga på museet vart det bygd eit moderne kjøkken i bakkant med gasskomfyr, oppvaskmaskin og dekketøy for opp til 50 personar.



HUUS-STOVA

Huus-stova kjem frå garden Huus på Jølster. Stova kom til museet i 1982, og etter å ha vore lagra nokre år vart ho sett opp att i 1988. Huus-stova er ei gamal sperrestove eller røykomnstove som var det vanlege bustadhuset på gardane i Sunnfjord tidlegare.

Eldste del av huset skal vere frå kring 1680. Sperrestovene var det vanlege bustadhuset i Sunnfjord heilt fram til midten av 1800-talet då dei etter kvart vart erstatta av lemstover, dvs stover med lem (loft) over stoverommet. Dette heng mellom anna saman med kva eldstad dei hadde i huset. I Sunnfjord var røykomnen, ein open eldstad utan skorstein, svært seigliva og vanleg til langt ut på 1800-talet før han vart erstatta av ein meir moderne skorsteinseldstad.

ELDHUSET

Eldstova som står på museet kjem frå Espeset i Gaular og er bygt saman med eldhuset frå garden Vikja på Viksdalen i Gaular. Begge husa er frå omlag same periode, kring 1850.

For å lette husarbeid og matstell, var det vanleg å flytte ut i eldstova under slåttonna om sommaren. Eldstova var oftast eit eit-roms lafta hus. Ein del eldstover hadde og to rom. Dei hadde då eit rom bak stova, kalla bakkleven eller bakkammers. Dette rommet vart nytta til mjølkestell og til å sove i. Eldstova frå Espeset har ein slik bakkleve. Eldstove, eller matstove som det vart kalla enkelte stader, fanst på dei fleste gardane i Sunnfjord. Eldstove og eldhus var bygde saman slik at inngangen til eldstova gjekk gjennom eldhuset. I sommarhalvåret gjekk all matlaging føre seg i eldhuset.

Prisar utleige av hus (2017)

Huus-stova Opp til 40 personar. Heilårsbruk. Kjøkken. Dekketøy. 2.200 kr

Halbrendshuset Opp til 36 personar. Heilårsbruk. Moderne kjøkken. Dekketøy. 2.200 kr

Sersjantløa Opp til 120 personar. Til bruk i sommarhalvåret. Kaffitraktar, kjøleskap og fryseboks. Utan dekketøy. 2.800 kr

Eldstova Opp til 20 personar. Til bruk i sommarhalvåret. 500 kr